



Blant dei 16.000 som gjekk Birkebeinerrennet frå Rena til Lillehammer dette året var det 20 frå Kvinnherad og 3 frå Uskedalen - Ole Vidar Monsen, Stig Framnes og Yngve Myhre.

Den raskaste frå kommunen vår var Håvard Pedersen frå Ternen, som kom under 3 timar med 2,56.

Monsen har tidlegare gått Birken 3 gonger med ei bestetid på 2,59 men denne gongen kom han inn på 3,17,22. Dermed vart han nummer 89 av rundt rekna 1250 deltakarar i klasse 25-29 år.

Yngve Myhre gjekk i same klassen og kom inn på plass nummer 304 med 4 timar og eit minutt.

Stig Framnes gjekk i klasse 35-39 år og fullførte på 4,37.

- Det var bra ver, men problematisk føre. På den bakgrunn er eg fornøgd, seier Ole Vidar til uskedalen.no.

På biletet over er Monsen i karusellrennet i Rosendal tidlegare i sesongen.